

NØRE SANDSØY

Av Gerhard Bringsvor

Fyreord.

Då eg fekk so overlag god tid på sjukehuset i Aalesund, fekk eg slik hug å skriva eit og anna som eg hugsar frå mi kjære heimbygd, Sandsøy.

Vi har rett nok det gode og umissande verket av Jacob Bjørlykke. Eit øvstert arbeidsstykke som vil stå fram gjennom tidene som noko verdfullt, meir enn vi anar. Men kor stert og verdfullt eit slikt verk er, so kan det aldri femna so vidt at alt er med.

Det som eg då vil skriva om, er hendingar frå dei siste tider. Slikt kan kje nett ha so stor interesse no, men kanskje om 50 år kan det verta litt mun i det, om det vert gjøymt so lenge.

Nøre Sandsøy.

Den stad på Sandsøy som har vere minst omtala i beka til Bjørlykke, er Nøre Sande eller den noverande Sandshamn. Han seier sjølv Bjørlykke, at denne bygda har forandra seg so mykje at han vanskeleg kan skriva om ho, og ingen stad på heile øya har der vere so store omskifte som her. Matr. 73 Sande nordre som det heiter, omfattar no fleire og 30 små og store gardsbruk eller hustuffer, Men det har ikkje alltid vore so. Kva namnet kjem av er og uvisst. Bjørlykke nemner at det muleg kjem av at denne Herremannen Peder til Sande åtte det saman med Kirkesande og for å halde det frå, kalla han det Sande nordre eller Nøresande, og dette har det vere kalla heilt ned til vår tid. Den fyrste som byrja å kalla seg berre Sande var Bendik Johanson Overaa, fødd på Ystebøen, sidan er det fleire som skriv seg for berre Sande. Namnet kan og koma av sanden i vika ned for budene, eller ein sand som gamle folk fortel om var beint ned for Sandeppkoma. Men den fine sanden der har minka vekk so no ser ein sand berre i fjøre sjø. Det er ofte omveltningar med slikt. På utsida på Alnes viste ein mann meg store steinar som hus, som var geymt av sand i hans barndom, men no er sanden vekk. Soleis er alt under forandring. På Nøre Sande har det visstnok butt folk i langsamelege tider. Ei heil mengd gravfunn er funne her. Fleire gravhaugar er her og, dei fleste er snart utgravne og åker er opplagt om allan haugen, som Ivar Aasen syng. Den største gravhaugen her var den dei kalla Røysa, på haugen nordanfor der Otterlei no bur. Denne røysa eller haugen har vore stor, dei har flittig køyrt stein derifrå til alt som trongst. Då Ansgar Fiskaa i 1908 anla si forretning der Otterlei no er, fekk han ta den stein han vilde til fylling rundt huset og til hagemur. Sidan har det vore køyrt ei masse stein til veiter og anna, og no til slutt er der brote åker der den store gravhaugen var. Lenger nede ved sjøen er og to gravhaugar, den eine er avlang og kallast for Skipet. Den andre haugen ligg tett attmed vegen til moljen og kallast av yngre folk for Makrelhaugen.

Kørsneset kallast neset som naturleg dannar vern for hamna. Her var før meljen kom, høge berghaugar og ryggar. Opp på desse berghaugane låg fleire røyser av fjørestein, og det er ikkje tvil om at dette var gravrøyser.

Frøken Meyer på Bergens Museum var tilstades og tok utgravningar, men fann ikkje anna enn nokre krusebrot. Disse gravhaugane og berghaugane elles vart brukt i meljen på Sandshamn. Kva namnet Kørsnes kjem av er og uvisst, antan av skapet på neset eller her har stade ein kross eingong.

Ei anna gravrøys på Nøre Sande, ligg nordanfor loda til Abraham Sande, den er visstnok ikkje utgraven. I myra evanfer Abraham Sande vart funne 3-4 flinteskraparar, fint arbeidde, såg ut som halvmånar. Rett evanfer husa til Abr. Sande, oppe ved bøgarden, er ein haug heiter Værolen, der oppe er to gravrøyser, men dei siste åra har det vere teke ei mengd stein derifrå og brukt til veitestein.

Ovanom støva til Severin Støle viser at der har vere to gravrøyser, steinen er for det meste vekk, men det viser tydeleg at det har vere graver. I det nye stykket som Bendik Sande rydde til heim, var to gravrøysar ei stor og ei mindre. Dei er begge utgravne og brøte åker på dei. Far til Bendik fann ein heil del øksar og anna frå gamletida. Ute i Sandshamns utmark i Vågen, er restar av to gravrøyser, innan for Djupvikneset. I utmarka evanfer skulen var og ei gravrøys som vart teka til fyll i skuleplanen. På Gotshaugen i Ditlef Olsens utmarkstykkje er og restar av ein gravhaug. Elles er det vel mange andre, andre stader der det er graver, men dei er ikkje synlege lenger. Dei ligg grav i grav frå heid og ned til hav som stridde so.

Her har og vere funne mykje frå farne dagar, det meste har vel vorte burtkasta av folk som ikkje brydde seg om slikt, men mykje er samla på Bergens Museum og i den seinare tid i Aalesund. Her har og stade fleire slag, feridei flate åkrane Flåten og Smingen har det vere funne ei mengd med pileddar av skifer. Borte ved vågen på hamaren ved sjøen var ei mengd med kol og to steinaksar ned i trekelet. Dei har vel lagt i hamn med skipa sine ned for hamaren gamlekarane. Ute i torvmyra, i torvteigen til Elias Sandsbakk, 2 - 3 meter nede i myra, var lagt heller med passande millømrø å gå over.

Og ifrå Djuvikneset på nordsida av vågen til Leirvågnaset på sørsida, fann to born, Johannes Bringsver og Johanne Vegen før 80 år sidan nedlagde heller å gå på over vågen.

Det kan godt vera at dette stod i samband med vegen over torvmyra oppmed skulesteva og var ein snarveg over vågen i fjøre sje.

Alt dette tyder at her på Nøresande er veldig gamalt. Tunet på Nøresande var nord i haugane nord for loda til Abraham.

Her budde dei høgt og fritt, hadde utsyn over fjorden frå Koparstad i nord til Aaram i sør. På same tid såg dei kva som ferdast i Haugsfjorden over myrane. Slik vilde dei gamle ha det, høgt og fritt, for ikkje alltid var det vener som ferdast etter fjordane. So var her snerte etter fisk og sild, morten ikkje å forgløyme. Denne fisken har vore maten åt øyfelket frå gamalt.

Dei pota etter mort og småsei, og dei tok han med net og garn. Nedanfor Nøresande er eit gamalt mortekast, og eg hugsar far og andre kor dei låg der og kasta med net utover seine hauskveldane.

Når dei so kom heim med morten, vart han kokt fersk og skyra, og kven kunde få bedre mat? På hanna yrde det med mort og folk langveges frå kom og tok full båten av den gode maten.

Flyndre stakk dei med lod på leira og bortever hanna. So her har vere godt om mat. Når dei so hadde nøgda med geiter og sauer, og so ein del av jorda si grøde, so levde dei nok bra.

Når tuna låg so høgt so hadde det og sine ferdelar og det var med gjødselen, for vatnet ifrå fjøs og stove rann ned over markene i opne veiter. Disse veiter flytte dei att og fram og dette var det som skaffa dei gras. Den faste gjødsel brukte dei på åkrane, for det var om å gjere å få korn, og korn fekk dei og på dei gamle åkrane.

Ifrå 1300-talet, då Peder til Sande åtte Nøresande, og til vår tid, har det skift mange eigarar og endå fleire brukarar. Det meste av tida var her te gardar med namnet Nøresande, og ein med namnet Sandsmyr. Og etter som det kan forståast var det Sandsmyr som var størst. Disse gardane låg i teigblanding med kvarandre. Dei nede i Myra hadde teigar nord til Kviegarden, og på Nøresande sydover haugane. Haugane frå Fiskarheimen utover mot evja og sjøen og sør på Leinahamaren til byte mot Leina, var lenge utmark, og krøtera kom heim over haugane og vart mjølka.

Alle stader der det var so djupt, var det spadd torv, som når det er i grunnaste laget so kjem det av at molda er burtspadd og oppbrent. Leina var eit bykselbrukf for seg sjølv, men eigaren var den same som for Nøresande.

Her i Leina var ei 3 alna torvmyr. Og gamle Franz Olsen hadde torvhus nord under hamaren. Husa i Myra stog bertanfer loda til Rasmus Nystøyl. Gamle folk sunnanfer Straumen seier endå at dei skal nord i Myra . Og i Gursken sa eldre folk ut i Myra. Men i 1870-80 vart namnet Sandshamn teke i bruk, beint fram stole ifrå sunnanom, der Støylehamna no er. No heiter det difor alltid nord på hamna og ut på hamna, soleis er namnet Myra ferdig for alltid.

Her i Myra budde i 1732 Torbjørn Gundersen, 1745 Sjur, han hadde borna Anne fødd i 1759, Torberg fødd 1759,. Johan, gift 1763 med Ingeborg Olsdatter Bringsvor. Marte, gift 1772 med enkemann Arne Olsen Aarvik. Og so var her ein Ole Eirikson som døydde i 1765, 26 år gamall. Danielson Pedersen Budde hadde før butt på Støylehamna, han flytte hit til Sandsmyr og døydde her som gardbrukar i 1772, 65 år gamall. Dottera Margrete vart gift i 1770 med Gullik Olsen og tok over garden Sandsmyr. Disse hadde 2 born, Daniel som døde ugift 32 år, og Berte som vart gift med Sivert Olsen Gurskevaag. Gullik Olsen hadde og ei stykkdatter som var litt småleg av seg og budde i ei elendig stove utmed Ystebøen der ho og døydde i ytterste fatigdem. Berte derimot reiste til Gurskevågen med mykje råkden, sylvsaker og mangt anna. Men denne rikdom varte ikkje mange slektledd.

På denne tid er det at Sivert Olsen frå Herøy hadde fått tak i eigedommen Nøresande. Sivert Olsen er og kalla Hitaguten av at ryktet seier at mer hans bar han på ryggen i ei hit. Sivert Olsen har greitt å få tak i mykje jordegods. Han åtte Sandshamn og handelsstaden Herøy med omliggande eyar. Han åtte og Korsen i Aalesund og dreiv handel der. Franz Olsen kom til Sandshamn i 1812 og fekk skjote av far sin på heile Nøresande. Før han kom hit hadde faren også dreve handel her. Det hus som Ditlef Olsen har brukt til bakeri, brukte Sivert Olsen til butikk. Han hadde ei gjente som dei kalla Grubbe-Sara frå Grubbenes i Herøy. Ho stod her og selde brennevin og andre varer i fisketida. Franz Olsen var gift med ei prestedatter frå Volda, Nikoline Meldal. Presten Meldal hadde berre ein son som seinare vart kløkkar i Volda, men sju døtre som vart gift inn i dei finaste slekter på Vestlandet. Låna som stod ut på Myra bertanfer loda hans Nystøyl, var ei prestelån frå Nordmør som Sivert Olsen hadde sett hit, den var i to høgder som husa på Nordmør er.

Borna til Franz er: 1. Jørgen, fødd 1817, gift i 1856 med Ingeborg M. Halle. 2. Severin, fødd 1819, død ugift 20 år gamall. 3. Maren, fødd 1824, død ugift i 1896. 4. Nikolai, fødd 1826, gift med Serine O. Brudevold. 5. Fredrikke, født 1822, død ugift i Bergen. 6. Else, født 1814, gift med systkjenbarnet sitt Nils Schjeldrup. 7. Franz, fødd 1831, gift med Gurina Paulsdotter Vik, Syvde. 8. Ditlefine Mathilde, gift med Johan Overaa frå Ulstein.

Franz Olsen var nok ikkje so rik, og når alle borna gifte seg og la seg til heime, var det vel ingen som ténste noke. Han hadde og kausjonert for svigersonen Nils Schjeldrup, og når denne rauk falitt på nokon handel, rauk det for gamlingen og. Han prøvde då å berge eigedomen for borna. Jørgen fekk skjote på heile Leina, dei andre borna hadde han gitt bykselbrev, men alt saman rauk for dei.

I Franz si tid var presten Teresen på Sande ein konfirmasjonssundag. Det rauk då opp ein svar nordveststern og reiv torvtaket av låna. Det fortelst at presten som var gjest hos Franz Olsen gjekk og plukka never tilliks med dei andre. Året etter flutte Franz låna dit he no står, men bygde he høgge og meir moderne. Han bygde den buda som ein til dagleg kallar Gamlebuda. Franz brukte fyrst Sandsmyr. Sidan då Jon Jenson Nøresande døydde, og garden vart byksleledig, tok han den og i bruk. Og når Ola Anderson på det andre bruket på Nøresande slutta, tok han det og, og brukte soleis heile Sandsmyr og Nøresande under eit.

I Franz Olsen sitt hushald gjekk det alltid mykje til, Det går ord om at han skulde seie ein gong, at det er ikkje billig å halde disse prestedøtrene. Det går endå ord om henne Nikoline Olsen at ho var ikkje glad anna enn ein gong ho hadde ei halv tunne med smør. Det fortelst og at Franz var ein streng herre for dei som var leiglendingar under han. Jon og Ola Nøresande var so redd at han skulde byte om att teigane, for det gjorde han te gonger i si regjeringstid då han såg at det voks bedre på deira teigar enn på hans. Dei kunde vel gjødsle og stelle betre sine teigar dei enn han som var handelsmann. Det fortelst at då dei tok poteter om hausten, so gøynde dei potettågane sine i potetlauvet, so dei ikkje skulde resikere å få ombytt teigane att. Han fekk soleis ikkje sjå kor store poteter dei fann.

På disse bruca på Nøresande budde i 1732 ein Askjel Torbjørnson. I 1748 budde her ein Knut Mønsen, som var gift med Ane Rasmusdøtter. Deira born Petter og Eli budde på det andre bruket. So kom her ein Rasmus Olsen, gift i 1758 med Marte Olsdøtter Vik. Deira born var Lisbet og Ola. So var her ein Hans Askjelsen som hadde ei døtter Ane. Svend Hansen Nøresande vart gift 1776 med Olava Askjelsdøtter Haugen. Svend Hansen døydde 1811, og enkja Olava vart gift året etter med Knut Rønnestad. Borna til Svend og Olava var Helene, fødd i 1777, gift med Hans Olsen Leina. Askjel fødd 1778, omkom på sjøen 33 år gamall. Møns, fødd 1781, gift med Ingeborg Knutsdøtter Indre Halle. Dei har ster slekt etter seg i heile Sande. Hans, fødd 1885, gift med jerdagjenta Synnøve Olsdøtter Helland. Dei er foreldre til ei av dei største slekter i Sande. Mads, død ung, og systra Synnøve er heller ikkje nemnt meir. Olava fødd i 1795, gift med Paul Peterson Melvik, og har folk etter seg.

So kom Jon Jønsen Helland fødd 1782 hit. Han hadde vore lærar i Herøy og budde på Keparstad. Han hadde gått skule hjå prest Teresen i Støkksund. Her vart han gift med Olina Nilsdøtter Nykrem som var kjøkentaus hjå presten. Hans born: 1. Andreas fødd 1814, gift 1845 med Kristine Jønsdøtter Halle, og budde i Toftesund. I sin ungdom var han ute til sjøss, var mykje i England og kunne dette sproket flytande. På denne tid var her ster handel med hummar, fleire engelske smakker låg i Sandshamn og kjøpte hummar. Franz Olsen brukte då Andreas som telk. Når engelskmennene då kom so spurde dei etter "Ændru". Ein gong han Andreas var med kyrkja, kom ein engelskmann opp til henne Olina mor hans, og spurde etter han "Ændru". Då svara ho: "Han er med de Kirk der synna på Støylå".

Den tid Andreas var ute til sjøss vart han fyre noke underleg, seier segna. Han stod til rørs då det kom opp wit par folk framanfor stammen. Han tok ein gjenstand og kasta etter dei, då søkk dei i havet. Om natta då han hadde frivakt og låg og sov, kom der ei iskald hand og tok over handleden hans. Då sa han Andreas: "De kunde vekkje med om ikkje so ublidt." Då han såg opp var det ingen i lugaren, og han fekk ikkje sove meir. Frå den dagen var handa hans kald og dårleg, han var litt dårleg og underleg all sin dag sidan. Han døde i 1847, 33 år gamall. Den andre av Jon Nøresande sine born var Bern, fødd i 1818.

Han kom bort nord ved Sandvaken ved Fløsa. Han var der og peta. Han er den fyrste som er nemnd på minnesteinen ved Sande kyrkje. Den tredje var Petter, fødd 1821, gift 1850 med Gjertrud Askjelsdatter Bringsvør, og han fløtte til Bringsvør. Den fjerde er Jon Jønsen Nøresande, fødd i 1825, gift med Berte Rasmusdatter Øygard frå Herøy. Han kjøpte seg jord i Vaage og flytte dit. So hadde han dotra Oline, fødd 1831. Ho døde av tæring hjå brøren i Vaage, 21 år gamall. Jon Nøresande døde i 1835, 53 år gamall, og kona Oline døde på Bringsvør i 1863, 86 år gamall. Etter Jøns død brukte Franz Olsen dette bruket.

Det andre bruket på Nøresande var brukt i 1732 av ein Torbjørn Askjelson, som hadde dotra Ane. So ein Peter Knutsen frå det andre sandsbruket. Han var gift med sin fyremanns dotter Ane. So kom ein Petter Rasmussen Lien, gift med Eli som var syster til Petter Knutsen. Deira born: 1. Rasmus, gift med Ragnhild Kolbeinsdatter Sandsbakk, 3 systre: Johanne, Ane og Kanutte. Deretter ein Lars Larsen Nøresande, som døde i 1774, 66 år gamall. Han hadde 5 born som ikkje er nemnt meir. Ole Svendsen, gift med Margrete Jønsdatter, hadde og denne garden. Dei hadde og fleire born som ikkje er nemnt meir. So tek Rasmus Petterson som var gift med Ragnhild Kolbeinsdatter Sandsbakk denne garden. Born: 1. Petter, gift med Askelina Danielsdatter Ristesund. 2. Marte, er ikkje nemnd meir. 3. Svein, død ugift 1820, 22 år gamall.

Ole Anderson Kinden gift 1835 med Margrete Koleinsdatter Sandsbakk. Born: 1. Sørn, gift i 1845 med Anne Halsteinsdatter Kvamme, og budde der. 2. Anders, gift med enkja Anne K. Kirkesande, og sidan med Oline Kinden. 3. Anne, gift i 1847 med Svend Petterson Ristesund, og budde der. 4. Brite, gift med los Petter Skorpen, og seinare med Joh. Kvalea. 5. Abraham, gift med Helene Larsdatter Bjerlykke. 6. Rasmus, gift med sin brørs enkje Helene Bjerlykke. 7. Else, gift med Sørn Klovning, og budde der.

Etter disse folk tek Franz Olsen dette bruket og. Abraham og Helene budde der ei kort tid, og fekk ein son, Abraham. So døde mannen, og kona Helene vart oppatgift med bror til fyrste mannen, Rasmus. Dei flytte til Rønnestad, der dei kjøpte ein garå. Men dei lengta, og kom attende til Sandsøy. Dei fekk byksle eit stykke narast nord med Kviegarden. Den fekk sonen Olaf R. Nøresande.

5. august 1865 vart heile Sandshamn og Nøresande sett til tvangsauksjon og selt. Olai Olsen d.y. frå Røtset i Volda kjøpte det heile. Han hadde før gått falitt, difor kjøpte han det i ein eldre handelsfullmektig sitt namn, og i hans namn gjekk all handelen og. Frå 1860 og utover til 70 var her eit av dei største sildefiskeri som historia kan oppvise. Her var sild i alle fjordar, utanfor landet og inn i fjordane. Inne med Sandvikskjæret i Gursken var silda so tjukk at ho gjekk i garna om dei slepte ut neke av garna for å skylje dei. Det fortelst at ein båt ~~var~~ låg bukte ved Bollen og tina sild. So hengde dei garna ut for ripa medan dei tina, og då var der eit godt skred sild i garna. Her var saltarar i kvart eit hekk eller sjøhus, ja på fleire plassar salta dei sild på flate marka. På myra burt med Straumen var der fleire som salte sild og tunnetirane låg utover all mark. På heile Vågen låg stuvfullt av jakter og salta sild. Heile hamna var full av farty. Heile Veravika var full av ~~makker~~ saltfarty. I Gursken var det likeeins og på Veksa og Haugsholmen. Olai Olsen jaga uter husa gamle Franz Olsen med familie. Alle deira møblar og eigedomar kasta han ut, og det var ei ynk å sjå alle dei gamle fine møblar ligge ute for ver og vind. Nils Schjeldrup og kona Else flytte til Straumen i Herøy, og dreiv der som fargar. Deira born flytte sidan til Bergen. Jørgen og Nikolai med koner og born flytte til Gurskevik og budde i ei gamall stove innunder Urene. Franz Franzen (Bautefranz) fekk bu inne på Røysset med Daniel Røysset. Johan Overaa med kona Tilla budde på Hageselle i Gjeråsvika. Olai Olsen si kone var av fine folk, dotter åt ein løytnant Bart. Ho hadde og med seg mor si, Elisabeth Charlotte Bart. Denne fru Bart døde her i Sandshamn og vart gravlagt tett ovanfor sakristi-treppa. Der var og pen stein på grava og innegjerdt med malmstakitt og port inn til grava. Dette pene minne reiv Sande menighetsråd ned i 1930-åra, ei veldig dum forordning då dette gjerde all dri hadde vorte i vegen for graving fyrste hundradåret. Med Olai Olsen tok det til ei veldig oppgangstid på Sandshamn. Han tok til med byggeverksemd å ster stil. Han fekk visst anger for desse folka han hadde kasta ut, eller det var ei plan for å tene på dei han fekk. Han baud dei difor å kome hitatt til Sandshamn. Han laga til nekre små plassar åt dei, og vilde innføre slikt husmannsvesen som på Avstlandet. Han heldt egso storbåt åt dei, men dei sjelve heldt vegen. Dei måtte arbeide som

og so mange dagar på hovedbruket for året. Jørgen og Nikolai fekk Leina ilag. Der hadde butt folk før, og Hans Olsen som var gift med Helene Sveinsdotter Nøresande hadde butt der i mange år. Kven som hadde butt der før, er det visst vanskeleg å få greie på, for dei går inn under namnet Nøresande alle som budde her. Det fortelst at her stod eit stort hus på hagen utanfor stova til Ditlef Olsen i Leina. Hans var so redd hardveret at han tok og reiv ned denne bygninga og saga novene av og flytte henne ned for bakken, og sette henne opp med loda og stova under eit tak, og fjøsen i same rekkja, med eit litet rommillom fjøsen og loda. Hans var ein flink fiskar. Ho Fløde-Johane fortalde at ho tente med han Leina-Hans i 12-års alderen, og det var kvar kveld det var sopass ver so var det nord i bådane og pote. Han brukte kveitelina attåt, og mang eisstorkveite førde han tillands. Kveitesteinen og støda hans Leina-Hans viser endå nede i fjøra. Då han Hans døde fflytte ho Helena burt i Vorren til sonen han Ola som hadde byksla Storevika.

Jørgen Olsen budde i den gamle stova hans Hans ned for bakken, men han Nikolai bygde ny stove opp på bakken. Det er søre enden av det hus som står i Leina endå. Franz Franzen fekk byksle eit litet stykke kallast Bauten. Dette namnet har og hamna langs landet sørover, og kjem vel av bautasteinen som står nord for fiskarheimen. Slike bautasteinar er både på Larsnes og Flåvær, og er visstnok merke på at der ein ser ein slik stein, er der hamn. Truleg er dette noke svært gamalt. I Bautane budde ein mann heitte Baute-Ola og kona Brite. Dei hadde fyrst stova si i den vesle dalen ovanfor bautehaugen. Seinare flytte han den tett ned til sjøen ved naustet. Denne Ola og Brite var besteforeldre til biskop Støylen med fleire. Det fortelst at dei hadde ikkje kyr, berre nokre sauer som dei hadde i eit skyle ned i neset. Det fortelst og at ein gong ho Brite hadde kokt ei heil gryte med kveite, sette ho fisken i eit trog burt i hamafen ved stova. Grisen som var ute fann fisken og åt han opp. Her i Bauten bygde Franz seg ei stove som han kjøpte i Syvden. Franz og Gurina fekk berre to born, Sofie og Fredrikke. Sofie budde all sin dag i stova til faren. Fredrikke vart gift med P. Koppen. Johan Berntson Overaa, gift med Ditlefine Mathilde Olsen, fekk eit stykke på Floten mot utmarka. Noko av marka her er kalla for Kongsvollen. Bruket dei hadde var i dagleg tale kalla for Ystebøen, og dei fora jamnt over 3 kyr og nokre sauer. Johan Berntsen vart spedalsk, og reise til hospitalet på Molde der han døde i ung alder. Dei hadde to born, Bendik og Elise

Elise vart gift med bakar og gardbrukar Ernst Myren, og er mor til ein stor barneflokk. Bendik vart gift med Malla Pettersdatter Gurskevik. Dei budde på Ystebøen på mæra sin byksl til ho døde. Då tok Severin Støle Ystebøen innunder sitt bruk. Bendik fekk seg då 10 mål jord i neset ned ved sjøen, der det då var utmark, og flytte so husa dit ned. Bendik hadde gått hagebruksskule på Steinkjer. I sin ungdom styrde han ei stund ein planteskule i Volda. Han anla og etter den tid stor hage, fyrst på Ystebøen, seinare fekk han pene hagar på det nye bruket. Bendik hadde ikkje born. Bendik var ein eineståande flink songar, og ganske ung hadde han lært sangtesøi, mest ved sjølvstudium. Han dreiv med songlag i lengere tid. Han var og ein av stiftarane av løsje "Idrett" i 1894, og sekretær her alle dei 5 fyrste åra. Elles dreiv han ei tid som fotograf etter eige studium.

Som før fortalt byrja Olai Olsen ei storstilt byggeverksemd. Han tok seg for å modernisere låna, reiv taket av, fekk høgare reys, la på pannetak av den raude steinen, før hadde der vore torvtak. Han hadde folk til å føre og køyre stein, og fekk mura dei høge hagemurane, sette vakre trestakitt ovenpå murane. Han fekk planta alle slags plantar og tre og bærbusker med plenar og vegar imillom. Han la vegar utenom hagen og ut i fjosen. Desse vegane var pukka med stein so dei står ved lag endå. Han hadde folk alle tider som tok ei mengd veiter, dei vart ståande åpne og molda vart køyrt heim i hagane og brukt til å fylle opp og planta i. Burte på Smiingskløa nedanfor Kamilla Sandvik sitt hus, dreiv fru Olsen kjøkenhage. Ingeborg, Jørgen Olsen si kone, var det som styrde kjøkenhagen, og det var merkeleg kva dei fekk av jorda. Dei dyrka ei masse kål som var sjeldsynt for den tid. Olai bygde og tidheveleg ny lode med innkjørsle gjennom rammen, so dei køyrde gjennom heile loda og velte til sidene. To gilde fjesar stod attmed loda, den eine kufjøs og hin sauefjøs. So bygde han det sekalla Naustet med båtste til. Framst i Naustet var der eit rom som seinare vart brukt til butikk og kontor. Ovanpå var telegraf og telefon, og med husrom til telegrafistane. Her var mange som var telegrafistar i denne tid, millom dei Kinden som seinare for til Aalesund, Vestre som sidan vart lensmann i Haram, Sellid som vart gift med den då rikaste gjenta på Sandøy, Anna Kinden. Dei flytte sidan til Trondheim. Ein heitte Waldal, og flytte til Aalesund sidan.

Oppover den enden ein kalla Naustet var eit stort vidt rom, heitte naustloftet. Det var brukt til løsji for fiskarane. Her oppe budde fleire båtlag i fisketida. Oppe i lufta under taket var køyane, den eine attmed hi, langt burtover. Nede var fleire omnar til å koke på, og bord og benkjer. Dette huset vart Abraham Sande sin eigedom ved utskiftinga. Same året selde han det til Ansgar Fiskaa som dreiv handel på sørsida av hamna. Siden var det selt til Otterlei & Longva frå Haram. Den buda som Otterlei & Longva har var og bygd av Olai Olsen, og var i dagleg tale kalla Vaskarstein buda etter steinen eller berget ho står på. Dei hadde halde til på Vaskarsteinen og vaska sengklar før i tida. Ansgar Fiskaa bygde til som ny den buda som har flatt tak og den lange buda langs voren som ein kalla Frikyrkja. Vaskarsteinvoren var og kosta av Olai Olsen. Folk var ikkje byrja med minering so mykje i den tida, difor hadde han fått seg istand nokre store båtar med garnering i, som dei brukte å føre stein alle stader ifrå. Dei rudde reint ute i Vaagen og sør langs Klettane, ja inne ifrå Nupen førde dei stein. Især til den sokalla Nyebuda eller skjeivebudmuren trengdest ei masse stein, for der var djupast av alle stader. Då der kom so kolossalt med fiskarar frå det heile land trongdest det mykje husrom. Båtane var alle opne, og dei hadde i mange tilfelle ikkje anna råd enn å breide seg under seglet eller dei hadde med seg preseningar og breidde over seg. Det var stort innrykk i dei fleste heimar ute ved kysten i denne tid. Husa var små og folk her hadde framande lutakarar og legdemenn før. Når det kom fullt av framande fiskarar som vilde ha hus, var siste utvegen å lage flatseng på stovegolvet eller i kjøken. Desse åra var her fiskarar frå Tgersund- og Kristiansandskanten. Mange kom utan båt eller beine, og fekk leige seg båt og beine hjå Olai Olsen. Det var då som no, at alle var ikkje like heldige med fiskeriet og kanskje dei miste garna og stod i skuld til kjøpmannen, og ikkje greidde å betale seg ut. Slike folk fekk ikkje reise att, men måtte vere att og arbeide for skulda enten på budene eller på garden. For å råde bot på dette vanskelege husspursmålet var det Olai Olsen bygde den store barakka som stod ovanfor vegen ved låna. Det var lite som mangla på at den var like stor som låna og hadde nær 900 køyplassar. Det var tropp opp til andre høgda, der det gjekk eit golv etter mitten. Her stod mange bord og benkjer der fiskarane fekk seg mat. Her var og halde den fyrste juletreffest på Sandsøy med presten Monrad som talar.

Innanfor vegen stod eit hus som var kalla kokkhuset. Her var fleire gruer, og dei koka maten i store gryter og bar han opp i barakka der folk åt. Her var og 2-3 store pene rom i kokkhuset, der kokkane fekk bu. So var det eit anna spørsmål som gjorde seg gjeldande. Mange av desse framande fiskarane vart sjuke. Kvar skulde ein gjere av dei? Olai Olsen fekk då etter søknad til staten om studnad lov til å bygge sjukehus. Han bygde då ei lita sjukestove med rom for 15-18 mann med sengar og utstyr. Tett attmed stod badstova, som er det huset der Sara Vorren bur i på Nøresande den dag idag. Her var sjukesyster som stelte sjukehuset. Olai Olsen dreiv også bakeri i den sokalla nyekrambuda som stod nedanfor vegen. Her var stor butikk med bakeri. Dette huset brann ned til grunnen etter at Olai Olsen var retst frå staden. Gardsbruket var og dreve godt denne tida. på Dei laga svære kompostar av fiskeslog. All den kjødslen breidde dei ut over all mark, saman med all annan gjødsel. Når ein då veit kor mykje kvælstoff der er i fiskegjødsel, so fekk dei ei mengd med høg fyrste åra. Dei fødte då det var på det likaste 12-14 kyr. Olai Olsen var ein streng herremann, stor av vekst, herdebreid og sterk, storsing og rasande når ikkje alt gjekk etter hans vilje. So hadde han ein stor svart hund som fylgde han kvar han for. Og var det nokon som sa han imot, so sette han berre hunden på dei. Hvis Jørgen og Nikolai ikkje reiste på sjøen når nokon annan for, so kom han burt i Leina med hunden, og då skolv dei stakars folk. Han hadde og ei jakt som han reiste til og frå byen med. Fører på denne jakta var Nikolai Olsen. Kom Olai Olsen på at han skulde ein tur, måtte Nikolai stå ferdig med mannskap. Og mange er dei stubbar som har gått. Ein gut som heitte Sivert var ofte med jakta til og frå Aalesund. Ein gong då dei skulde reise heim frå byen var Sivert iland med to flasker. Han skulde kjøpe ei flaske brennevin og ei flaske sirup. Då han kom att åt skutesida vart Olai rasande for dei hadde venta på han i 5 minutt. Han tok då flaskene frå Sivert og kasta dei langt burtover sjøen. Då vart Sivert so rasande, han tok skipsøkse og rende etter Olai Olsen so han laut kome seg ned i kahytta og stengje døra so lenge sinnet gjekk av han Sivert. Den einaste som nokon viste som gjorde åtak på Olai Olsen var Johan Vegsund som budde på Voksa. Han hadde fått feil oppgjør for sild, fekk so blødsinnet på seg, fekk tak på Olai Olsen bakfrå og velte han ned i silledungen, la seg nedover han og heldt hendene og strauk han over heile andletet med sild og gor, til han leva å vere finegut.

Kona til Olai Olsen eroder slett ikkje so mykje å seie om, ho levde mest for seg sjølv og heimen. So pass fin som ho tyktest vera, so søkte ho ikkje selskap med folk av den jamne bondestand. Og ikkje hadde ho visstnok so stor hyggje av mannen heller. Han var skulda for å ha kvinner i Aalesund, som han var ven med. Og barn i ekteskapet var der ikkje. Det fortelst at då han fekk eit uekte barn i Aalesund, og kona fekk vite det, tok ho på seg ein raud silkekjole og gjekk og dreiv nte på Ospevikhamaren. Det er tvilsomt om fru Olsen hadde noko særst glad tilvære i Sandshamn.

Karl K. Sætrevik kom som gift mann til Nøresande på denne tid. Han fekk byksle ein utkant, heiter Kvia. Han var gift med Marte-Sofie Simones. Desse fekk mange born, og smått og fatigt var det for dei. Dei fødte berre to sauser til å byrje med. Men sidan dyrka dei opp so dei fødte to kyr. Borna til Karl og Marte-Sofie er: 1. Oline, fødd 1867, ugift heime. 2. Olai, fødd 1869, død som ugift sjømann i 1891. 3. Einar, fødd 1871, gift med Eline Landsverk og budde i Holstøda, død 1941. 4. Fredrik, fødd 1873, gift med Karen Fremmerlid, Volda, der han var skomakar. 5. Kornelius, fødd 1876, gift med Julie frå Farsund, slaktar i Volda. 6. Johannes, fødd 1880, reise til Amerika, vart blind. Dreiv hotell der. 7. Ole, fødd 1885, gift med Ingeborg frå Drammen., skredder, eig hus i Oslo. 8. Johan, tvillingbror med Ole, ogso skreddar, saman med tvillingbroren. 9. Rasmus, fødd 1882, gift med Petra Tolaas frå Fosnavåg. Kjøpte Kvia og bygde murhus der, var motorbåteigar. I 1922 selde han båten og flutte til Aalesund, og eig hus der og driv skomakarforretning. 10. Maria, fødd 1888, sjukleg, ugift og bur heime. 11. Olava, fødd 1891, gift med Peter Iversen Søvik, kontormann på tollbua i Aalesund. Dei eig hus i byen og hytte på landet.

Fru Olai Olsen var sver å hjelpe desse folk nord i Kvia. For kvart barn som kom, var fru Olsen der med mat og klede. Fru Olsen hjelpte gjerne fatige og sjuke.

Mads Vorren kom i krigen i 1809, vart internert i England. På sine gamle dagar vart han sjuk og senge- liggande med mange store liggesår. Til han gjekk ofte fru Olsen med medisin og forbindingssaker, og stelte såra hans og forbatt ho. Sameleis stelte ho med Leina-Helena, som den siste tid budde med sonen sin i Voren. Der var soleis gode minne etter fru Olai Olsen på Sandshamn.

I 1870 vart dei svære sildefiskeria brått slutt og det vart ein rein svartebolk kva fiskeria gjaldt. Olai Olsen hadde berga garn og anna utover bygdene og visste ingen ting å få att. Verst var det med dei som kom lengst vekk ifrå. Sume vart haldne att til å arbeide på garden, men dei fleste kom seg no avstad. Han dreiv og handel i Aalesund, som før er nemnt. Det vart vanskeleg for han å få inn renter for den store lånesummen han hadde i Volda og Ørsta bankar, og andre stader hadde han lånt pengar og. Han dreiv og brennevinshandel og i eit knipetak for pengar hadde han lånt på eit stort parti brennevin. Sidan kom ein unier ver med at det ikkje var brennevin på fata, men sjo. Saka vart meldt, og politiet kom til Sandshamn og arresterte Olai Olsen og reiste med han til Aalesund, og frå den dag kom han alåri til Sandshamn meir, etter ei stortid på 10 år. Aldri har vel ei bygd eller stad kunne gått igjennom ei so stor forandring på so stutt tid. Fru Olsen og reiste stutt tid etter. Det einaste som skal vere høyrte frå Olai Olsen er at han skalde vere busett i Sverige. Volda og Ørsta Sparebank prøvde no å halde handelen gåande med leigd hjelp. Ein av disse dei leigde var Johan Møller, fødd i 1840, som åt Henrik Møller, ein skipper frå Trondheim. Johan Møller kom til Sandshamn i 1865 som handelstenar hjå Olai Olsen. Då Olai Olsen måtte slutte, reiste Møller til Haugsbygda og var på butikken hjå Forbruksforeininga der. På Sandshamn kom då to fullmektigar, den eine heitte Flint og den andre Hjøringsstad. Disse budde i låna og hadde hushalderske som stelte huset til dei. Til jordbruket hadde dei leigd hjelp. Oftast var disse frå Volda. Dei slo inn høyet og selde det so her var i lang tid stor høychandel her i Sandsmyr. Disse karane var det som laut gjere ende på den store svarte hunden til Olai Olsen. Han hadde vorte attslengande i Sandshamn då sjelvefolket reiste. Dei tok livet av han på ein sers drastisk måte. Der som butikken til Ditlef Olsen no står var i den tid ein nage dei kalla flagghagen. I mitten av denne stod ei stor flaggstang. Rundt flaggstanga var i velmaktstida fine blomsterbed, og rundt hagen ei rad med store poppeltré. Dei som skulde drepe hunden hadde tenkt og drepe han ved henging. So lokka dei hunden attåt flaggstanga, batt hunden i flaggenora, og skulde heise opp. Men hunden var tung og dei fekk han ingen stad. So tok dei ein kjepp og rende etter hunden, og slo slag for slag. Hunden fór rundt stanga og mannen etter til endeleg dei fekk livet av han. Denne Hjøringsstad hadde vist tanke om å verte herre på Sandshamn. Han reiv ned stova hans Ola Nøresande og flytte henne burt til Strauman.

So bygde han eit hus på den måten at denne stova vart eine enden, med eit langt hus av stavverk attåt. Dette skulde brukast til losji og saltetas for fisk. Dette hus sto tvert over der som vegen går ned til brua., og kallast for Leinabrakka. To mann frå Vaage hadde bygt dette huset. Dei hadde bygt opp grinda og sperrabuset og bordklett det. Hjøringstad hadde vore burt og sett på arbeidet. Han skreiv då på veggen med store bokstavar: "Dette er det første hus jeg lader bygge i Sandshavn."

Her var og ein målar frå Volda, som heitte Ole Bygg. Han skreiv under det som Hjøringstad hadde skreve: "Jeg ønsker dig en god reise til helvede." Neste morgon då Ole Bygg kom burt på Leinahaaren sette han i å storskratte so det høyrdest mest over heile bygda. Då hadde betehavuda slept taket og huset hadde sege utøver so det såg ut som ein båt. Hjøringstad vart her heller ikkje so lenge i Sandshavn. Gustav Wiig frå Flåvar kom no til Sandshavn. Det var visst tanken at han skulde kjøpe staden. Syster hans Karoline, var då gift med Rasmus Penneberg i Larsnes, og faren og broren brukte Flåvar. Gustav hadde med mor si, Faren eller Kari. Ho stod for husstyret. Det var visstnok mest gårdsdrifta som dei la mest vinn på. Dei hadde mange kyr og nøgda mjølk og smør. Om dei dreiv mykje eller liten handel er det ikkje noken som veit noko visst om. Om Gustav si tid på Sandshavn er det svart litet å fortelje. Mora Kari var skildra som svart og pinaktig. Ho gjorde som dei fleste husmødre den tid, etla og smurde på maten. Ho heldt då på å grave so lenge på kakene at det var meir smør på kniven når ho var ferdig enn då ho tok til. Ho var elles utidig pinet med alt. Ho hadde ei tenesttaus, heitte Kolgrov-Helena, eller galne-Helena. Ho vart so sint på fru Wiig at ho tok ein stor raspaball og kylte av etter hovudet på frua, men ballen trefte ikkje men vart sitjande fast i veggen. Det fortelst at fru Wiig sa ein gong ho hadde gjestar: "Her er sukker, spis med måte. For meget sett skadar helbreden." Ho likte visst godt å byte tenestgjente. Nye kostar feier best. Gustav Wiig var berre to år i Sandshavn, og det vart ikkje kjøp av staden her. Dei reiste attende til Flåvar. Karen Wiig døde hjå dottra på Larsnes. Ho kom Johan Møller attende til Sandshavn og leigde seg hus i låna og laga til butikk i øvste enden av Maustet, det som no longva har til leilighet. Johan Møller handla godt, då han var einaste handelsmann på staden. Han leigde og åkrane og sådde bygg, han slo og åt ei kyr. Johan Møller vart gift i 1881 med Nikoline Olsen, dotter åt Jørgen Olsen i Leina. Ho var nyst då utlærd til jordmor. Til den tid hadde der inga fast jordmor vore i Sande. Ho var difor oppfordra å utdane seg til jordmor, og fekk skulen gratis.

Ho hadde heile Sande til distrikt i mange år. Og mang ein hard kamp har ho hatt i allslags ver på dei hardføre fjordane i Sande i berre open båt. Ho har teke imot mange hundrad av dei menneskje som no bur i Sande. Nikolina skulde som jordmor helst bu på Voksa for der var mest sentralt for heile sokna. Johan Møller flytte då til Flatoya, og der byrja han stor handel. Han var postopnar på Sandshamn, og denne stilling hadde han og etter at han flytte til Flatoya, so ei stund var der ikkje postopneri på heile Sandsøy. Ein måtte hente posten på Flatoya. Ikkje dampene heller la åt på Sandshamn, men på Voksa. Dette var den myrkaste tid på Sandshamn kva framskritt angjekk - berre tilbakegang. All handel var på Flatoya eller på Hauge i Gurske, Larsnes eller Haugsholm. Johan Møller dreiv og kjøpte sundmagar eller flatmagar. Av desse salta han ei masse. Fleire kvinner sat på daglen og vaska flatmagar. Desse flatmagane var den tid brukt til klare skinn i kaffi, og var nykje etterspurt i den tid. Johan Møller var tung å drikke og hadde turar på 14 dagar der han ikkje gjorde anna enn drakk, og når det minka var det å sende bud til Larsnes etter ny forsyning. Johan Møller døde år 1900, 60 år gamall, og Nikoline døde på Voksa 1930. Buet på Flatoya kom under konkursauksjon. Husa kjøpte Franz Jørgenson Olsen, bror til Nikoline Møller. Det var Hjørundfjord Sparebank som hadde dette buet. På auksjonen baud banken på Sæbe høgste budet. Dei som hadde kausjonert for Møller var Petter Søvre, Hohan Povde, Bitlef Olsen, Jørgen Olsen og Franz Olsen. Då ingen av desse hadde boe på staden, reiste Franz Olsen til Sæbe og kjøpte og fekk tilslaget på husa til bortflytting for kr. 1500.00, som var skulda på buet. Han selde den vesle sjøbuda for kr. 300.00. Den store sjøbuda selde han til Olaf H. Strand som då var byrja handel i Fløda, for kr. 1000.00. Stova flytte han nord i Leina til hus åt seg sjølv. Nikoline Møller flytte so til Garnstøa på Voksa der ho bygde seg hus og dreiv jordmorforretninga og hadde postopneriet til sin død. Jordmor-distriktet vart delt og jordmor tilsett i Larsnes for den indre luten av distriktet. Borna til Johan og Nikoline Møller var desse:

1. Kamilla, fødd i 1881 på Sandshamn, gift med Johan Pedersom Ridse og bur i Trondheim.
2. Livius Meldal, fødd 1883, død 1900 av indre blødning.
3. Aimar Hartvig Teodor, død som smågut.
4. Aimar, fødd i 1888, gift med Signe A. Baade, postopnar og bur i Nikoline sitt hus på Voksa.
5. Inger, fødd 1891, gift med smed Vyr i Trondheim og bur der.
6. Gjess, fødd 1893, død av tæring i 1921.
7. Livius Johan, fødd 1900, også død av tæring.

I denne nedganstid var det alltid folk frå Volda som kom og slo innhøyet og selde det, likeeins folk som stod for burtleiginga av fiskehusa. Ein av disse var P. J. Koppen. Han var her fyrst eit par fiskje, byrja og med litt handel, men var svært dår so det vart ikkje nokon handel. Peder Koppen vart forlova og seinare gift med Fredrikke Franzdatter Olsen frå Bauten. Peder Koppen, Franz Olsen Leina og Abraham Sande kjøpte i 1890 heile Sandshamn og Nøresande av Volda-banken for kr.24.500.00 og brukte det ilag. Peder Koppen budde i Låna. Franz Olsen var gift med Berte Madsdatter Myren frå Kvamsøy. Franz budde i Leina. Abraham budde på Nøresande i husa der mor hans og stedfaren budde. Disse leigde seg gjente til å stelle kretera og delte mjølka. Det trefte til å verte gode torskefiske, og dei leigde burt budene og husa til losji og salteplassar. Den store brakka var til nedfalls, difor tok dei og reiv henne ned. Materialen brukte dei til å vole dei andre husa, særleg fiskjestovene nede på budene. Dei bygde og halvetak eller svaler attåt bulene til å salte fisk i. Det gjekk i fleire år godt, og dei greidde godt frå seg utgiftene. Men so kom dårlege år då dei tente lite. P. Koppen som alt då var ein rik mann laut legge ut for dei andre til renter og skatt. Peder Koppen hadde i lenger tid tent som krambudgut hjå gamle Svendsen i Volda, som dreiv stor forretning ei tid. Svendsen gjekk totalt falitt, men Koppen vart ein halden mann. Han hadde og kjøpt aksjer i ei grupe i Nordland. Denne grupeparten selde han i god tid og tente gode pengar. Han vart postekspeditor i Sandshamn. Han var og sers sparsam og fekk mange tillitsyrke i det kommunale. Han var ein grei og omgjengeleg mann. På denne tid var her og ei ung lærarinne frå Rossåk i Harøy. Ho heitte Malena og budde i Låna. Koppen hadde ein systerson, Peder Elias Redse, som vanka her i Sandshamn. Han vart trulova med Malene og gift i 1893. Koppen fekk då overtale Franz Olsen til å selje sin tredjepart av Sandshamn til Peder og Malene Redse. Franz let seg seia, fordi det hadde lønt seg så dårleg dei siste åra, og selde parten sin for kr.8167.00. Franz brukte seinare bykselbruket åt far sin. Peder Redse var fiskar og kom burt på sjøen same året han var gift, var med ein uteliggjar ute på Egga. Både han og broren Knut kom burt. Malena fekk noko etter ein son som vart kalla Peder etter far sin. Malena dreiv tredjeparten av Sandshamn saman med Koppen og Abraham Sande, ho leit leige både dreng og taus. Dette vart for dyrt for henne, for inkomene var alt for små, og vanskeleg var det for henne å drive skule og, då ho hadde barn og heim å stå fyre.

Då det difor vart vanskeleg for henne, prøvde ho å selje bruket. På denne tid var Severin S. Støle frå Støyle på Søre Sandsøy nett gift med Ferte Oline Pettersdotter Bringsvor (1893). Dei budde fyrst noko tid hjå far hennar på Bringsvor, der Jenny, dotter deira var fødd. So forpakta dei et par år halve garden til Marie Kinden. Severin Støle hadde søkt etter å kjøpe seg ein gard, men ikkje funne noko høveleg. Ho kom Koppen og baud han Malena sin part av Sandshamn. Severin tok då Ferte Oline sin arv frå Bringsvor og eit liknande beløp som han hadde spart seg opp, å la dei i Sandshamn og flutte våren 1897 nord i Låna. Malena Redse fekk so byksle eit litet stykke av Sandshamn langs sjøen burtover til bytes med Raute-plassen. Ho kjøpte ei stove av Johan Koppen i Syvde og fekk oppsett på det stykket. Ho gjødsla og stelte so ho fekk litt høyr so ho fødte ei kyr, men då måtte ho slå noko av foret på Marøya og i hagane til Fiskå, seinare Otterlei. Ho nærte seg med å flekke fisk og salte sild, seinare fekk ho litt pensjon som lærarinne. Då sonen vart vaksen for han vide ikring. Han arbeidde i Trondheim hjå morbror sin på ein korkfabrikk, og reiste so tilsjøss. Seinare starta han ei stor forretning i Bergen med 8 ekspeditriser og kontordame, gjekk dundrande falitt, arbeidde i ei forretning i Aalesund, gifte seg med styrarinna for Husflidsutsalget i Aalesund, Ragna Karlsdotter Vaagen frå Gursken, budde i Bergen og dreiv som agent og byseljar, reiste sidan til Tyskland og var der i mange år. Ragna byrja med eiga forretning i Oslo, hadde 4 born, eit døde ungt. Peder fekk gavebrev 1920 på si mors bykslejordstykke. I 1923 reiste Malene frå Sandshamn og gifte seg att etter å ha vore enke i 30 år, med stortingsmann h.v. Knudt Otterlei, i den seinare tid fiskeri-inspektør, buande på Pjertoft. I 1939 selde ho heimen i Sandshamn til Johan Johannesson Helland. Johan hadde vore mange år i Amerika, kom heim helseveik, var to år på Hagevik Kysthospital ved Bergen, kom heim og flytte inn i denne stova, og stelte der åt seg sjolv.

Nikolai Olsen og kona Serina som budde i den austlege delen av Leina hadde desse borna: 1. Nikolina, gift med Rasmus Nystøyl. 2. Ole, fekk lungebetændelse etter eit bad, og døde 22 år gamall. 3. Fredrikke, gift 51 år gamall med Johan Olaison Hauge. 4. Dittef, gift i 1892 med Petra Pettersdotter Kirkesande. 5. Elisabet, gift med Petter Person Vorren, og bur der. 6. Olga, gift med Petter Hansen Rusten, bur på Søresande.

Ditlef reiste som ung gut til Eidså.

Der var han dreng og krambudgut hjå Rasmus Aarsæther. Svigerfar til Aarsæther, Mikal Pedersen, ha de stor forretning på Eidså og stor sjøbud på Straumsholmen i Sandshamn. Her kjøpte han sild, fisk og lever i fiskja i lang tid. I 80 - 90 åra brann denne buda, og det var eit veldig bål. Dei som åtte buda var reist heim til Eidså og var komne inn for Larsnes då dei såg logen, men dei snudde ikkje men heldt fram til Eidså. Følk i bygda møtte opp og kasta på sjøen ei mengd av den turre fisken, men mykje brann opp. Mange fekk seg då arbeid med å stikke oppatt denne fisken, og turke han igjen. Sidan bygde Aarsæther opp att ny sjøbud på same tufta og reidde inn fleire fiskjestove. Her på ei av desse fiskjestovene reidde Ditlef Olsen inn butikk åt seg, og tok til med handel. Då var han endå ein ung gut. Seinare leigde han seg butikk i fremste enden av Naustet og handla der i mange år og var heilt åleine om handelen i Sandshamn. Her var han til utskiftinga var ferdig i 1907. På Straumsholmen dreiv Aarsæther til han gjekk falitt kring århundreskiftet. Då kjøpte Albert Hovde i Aalesund denne buda og hyste fiskjefolk med bryggenenn frå Grsta. I 1924 reiv Hovde ned denne buda og førde henne til Senja, der han har forretning i fisk og lever. Sidan har berre murane stode att på holmen i Straumen der eit slikt rikt liv hadde pulsert.

Rasmus Nystøyl kom til Sandshamn som dreng og krambudgut åt Ditlef Olsen. Han vart gift med Ditlef si syster, Nikoline. Han fekk seg hus i Låna evanpå. Severin Støle og Koppen budde nede med kjøken ilag. Nystøyl og kom inn i sameiga og brukte Sandshamn ilag med dei andre. I denne tid var det stort liv i fiskja i Sandshamn. Her var ei mengd med fiskarar som alle hadde med seg kokke, eit kvinnfolk som kokte til 2 lagg eller kring 12 - 14 mann. Desse fiskjestovene var ei vanleg stove eller vel det av storleik. Køyene var den eine opp på den andre i 2 - 3 høgder etter som huset var høgt til. Når folk kom til fiskja, var sterbåtane heilt haugraka med garn, strengetog, dubl og trelar, ved og sengehalm, kister og skrin, bjørkeved og torvsekker, hylkjer og spanner med sur mjølk, store dunkar eller ambrar med brødgraut. Når då alle desse båtane kom, so sette dei snart merke etter seg på staden. Når karane låg heime hadde dei mangt arbeid for seg. Dei laga trelappar, tvorer og auser og mangt anna. Ungdommen hadde ofte for seg kortstokken. Kokka heldt seg ved omnen, oftast ein gamall kokeomn, og der stelte ho med maten. Ho hadde og køya si framfor omnen. Hadde det vore sjøver og dei hadde fått fisk, so koka dei fersk forsk og rogn, og ei masse lever. Karane åt lever og levermyllie og drakk fiskesodet og leversodet.

Ofte om kveldane samlast ungdommane til dans på eit sjøbudgolv, og ofte i trelappane so det song i golvet. Nede på nyebuda til Ditlef låg 5 båtlag frå Gursken. På gamlebuda var der 11 lag som hadde hus, nesteparten frå Syvden. På Vaskarsteinbuda var der rum for 4 til 6 lag, på f emste enden av Frikyrkja rum til 2 lag, på Naustloftet 5 lag. Hjå Severin Støle på Fredheim var der rum til 4 lag, og i litt eldre tider i Sykehuset 4 lag. Hjå Sofie Olsen i Bauten var 2 lag, på loftet hjå Ditlef i Leina 2 lag, hjå Franz i Leina 2 lag. Dette vart 44 lag nord om Straumen. Tertil ei 7 - 8 lag på Straumsholmen, mange på Fiskåbuda og Fønnebergs-holmen. Sundt århundradskiftet, ja attende til 80-90 åra, var her mykje båtar sunnanfrå Florø-kanten. Desse budde helst på Fønnebergs-holmen og Straumsholmen. Dei som låig i Straumen hadde båtane sine i rad og rekke utetter Leinahamaren. Det var båtar med spritsegl, godt istand, og det var flinke fiskarar. Det var desse som lærde folket her å bruke glaskavl og kuler på garn. Før hadde folk brukt kavl til fløyt av eine eller selje. Når denne hadde vore i sjøen 8 til 14 dagar so var han so sprengt at han sokk som stein. Det var soleis stor forbetring når folk tok til å bruke glaskuler. Folk her heldt seg mest på dei gamle fiskeplassane og sjeldan tok dei til med noko nytt. Strilane derimot tok til å bruke garn utover Seyla utanfor Storskjeret. Dettrefte til at fisken stod svært djupt nokre år og strilane fiska godt kvar dag medan innb yg-garane som hadde garn sine inne på grunna fekk liten fisk.

Dei var svære å gå etter gjentene desse strile-gutane og gjentene likte godt desse framande då som alltid. Men eingong nord med storeloda var nokre strilegutar ille ute. Dei hadde vore inne i fjøsen med gjentene. To Sandsøy-gutar som og hadde interesse av same gjentene reiv nokre store, vide torver av eit berg i nærleiken, stillte seg opp på taket med det same dei kom ut og laviner av torv og mold datt ned over gutane og gjentene som kom ut or fjøset, ja mjølkebyttene og fekk sitt.

Ei sildeperiode av dei sjeldne vart det fra 1896 og utover til 1901 - 02. Silda kom inn under land alt i oktober månad, og folk hadde no lært å drive etter sild. Men båtane var små. Dei dreiv på kva båtar det var, ja endå til den minste færing. Ikkje var det frakke greier dei hadde til vegn heller, berre gamle grove heimespunne garn. Men snart kosta folk seg garn, kjøpte og skaut. Silda kom att år etter år, stor og feit. Her samlast^{so} mykje fiskarar og kjøpefarty at ein aldri hadde sett slikt. Sandshamn tok ikkje stort, skuter låg alle stader, på Voravika, i Vokscholmane og Gangstøda, i Aaramsundet, i Haugsholmen og Storholmen.

I Gursken var fleire buer. Veret var overlag fint, stilt med ei landvindskjelle av og til. Men so gneistranda kaldt var det at det var mang ein kald job i dei små opne båtane. Silda var billig, berre eit par kroner for målet, men folket fiska og førte til lands. Det var eit bisn å sjå om netene det eldhav av lanterner frå Flåvar og Bergsøy og innunder Bjørlykke, og frå Vanylagapet inst inne til ut inot havet. Og endå var det berre ei fjøslykt folk hadde til lanterne, det var ingen ting mot det dei hev i vor tidsalder. Ei mengd notbruk stengde sild rundt alle strender. Det gamle notbruket Haugen, Bringsvor og Vorren, kjøpte seg ny storsildnot og straks dei hadde fått den stengde dei henne full syd for Støyleholmen og betalte henne med ein gong. Sandshamnkarane kjøpte seg og ny not og bygde notanaustet i Korsneset. Bygda rundt kyrkja kjøpte seg og noter. Alle fiska og tente pengar, dei som ikkje fiska arbeidde på land eller ombord i salteskutene. Og kvinnfolka salta sild og tente pengar. Denne sildeperioda vart hundradåret innringt. Det var svart av folk på alle vegar. Det var påbod frå landsstyriminga at det gamle århundrad skulde ringast ut med 2 timar ringing med kyrkjeklokka og so 2 timar å ringe inn det nye hundradår. På Sandshamn låg ei mengd dampar og skuter, på Voravika likeeins. Og alle desse ringde med klokker, let med fløyten, so denne natta var det fælende leven og larm.

Denne sildeperioda tok og slutt. Silda slutta med å kome inn i fjordane, men den kom att som vårsild om våren. Det vart meir av dårlege fiskeår. Første åra av hundradåret var dårlege, og mange av dei framande fiskarane, isar dei sunnan om staden slutta å kome hit. Dei fann det ulønsomt å reise so langt for å fiske.

Desse som brukte garden Sandshamn vart trøytt av ihopehavet. I 1905 rekvirerte Severin Støle utskifting på heile Sandshamn. I 1906 rekvirerte Andreas Sandsbakk utskifting på Sandsbakk og Sandsbakk utmark. Utskiftinga på heimebeen var ferdig våren 1907. Då byrja ei bygging i stor stil i Sandshamn att, og dei brukar endå å snakke om det året vi bygde. Severin Støle tok på seg tredjeparten av Sandshamn, og bygde nye hus ute i ospene og kalla garden Fredheim; br.nr. 1. Han bygde seg nye pene hus. Dei gamle husa, loda, fjøsane, kokkhuset, sjukhuset, badstova, Leinabrakka og Naustet i Leina, stabburet, alle desse husa bytte dei imillom seg og brukte i lodehusa sine. Severin Støle og kona fekk 2 born. Jenny, fødd 1893 på Bringsvor, gift med Hjal Olsen, og bur i låna. Alf, fødd 1897, gift med Bagny Olsdatter Kinden.

Dei reiste b ae til Amerika, har 3 born.

Severin St ole selde til Bendik Sande av uymarka si det som no heiter N esheim. Franz Olsen sat p a si mors byksel til han fekk kj ope av Severin St ole ytste delen av Leina, det som kallast Leina vestre, og bygde seg ny l ode der i 1914. Franz og Berte Olsen hadde ikkje born, men tok til seg som lita, Magda Eliasdatter S atrevik, som adoptivdotter. Franz og Berte testamenterte til Magda alt dei  atte. Magda vart gift med Gerhard Johannessen Bringsvor. Deira born er: Svanhild, Bergljot, Jon, Astrid og Eiolf.

Abraham Sande tok p a seg ein tredjepart av Sandshamn. Han bygde nye hus oppe p a bakken. Fyrste tida budde han i huset til mor si, men sidan han bygde flytte han hit p a bakkane, og den ugifte broren Olaf flytte hit ilag med han. Abraham var fyrst gift med Oluffa fr a Syvden. Ho d ode kort etter. Same  aret d ode og Abrahams halvbror Lars. Abraham gifte seg d a med Kornelia Petersdotter Toftesund.. Born: 1. Alfhild, gift med Amund Sandsbakk, og bur der. 2. Kamilla, ugift, bur heime. 3. Ragna, gift med farmas oyt Hals, Volda. 4. Lars, reist til Amerika, og gift der. 5. Peter, gift med Anna Liljedal fr a Vanylven. 6. Hildur, gift med Andreas B o fr a Her oy, bur p a Sande. 7. Aslaug. 8. Artur. 9. Gunvor. 10. Otto. 11. Margrete. 12. Rasmus. Foruten disse tolv 2 som d ode sm a. Abraham Sande selde ~~til~~ Kvia til Rasmus Karlsen N eresande med eit litet tilh oyrande utmarkstykke. Seinare kj opte Knut Vaage dette stykket og bygde hu s der. Abraham selde  g til broren Olaf den plassen p a N eresande faren hans hadde brukt. Han selde  g 10 m al til Severin Haugen i Sandsbakk ( rskinbakkhola). Det var her det var gjort det store funn av flintereidskap og skraparar.

Rasmus Knutsen Nyst oyl fr a Hakallestranda gift med Nikoline Olsen, Leina, tok p a seg ein niandepart av Sandshamn og bygde l ode p a tufta der storel oda til Olaf Olsen stod. Han kalla garden sin Heimro. Syster til Nikoline, Olga Olsen, Leina, gift med Petter Rusten fr a Fiskaa, som fyrst budde nokre  r i L ana, bygde no eit stort pent hus saman med Nyst oyl p a garden hans. Rasmus og Nikoline hadde ikkje born. Petter Rusten og Olga hadde desse borna: Sigfrid, Hjordis, Oddmund og Rolf.

Peder Koppen fr a Velsvik i Volda var gift med Fredrikke Petra Olsen, Bauten. Dei tok fr a eit stykke burte p a Smiengen og vilde selje sin niandepart til Olaf Strand som ha de handla i Fl oda, kona til Olaf Strand var systerdotter til Koppen. Men d a Olaf Strand same  ret reiste til Trondheim, tok Koppen over b ade det Strand skulde ha og det han sj elv vilde ha og bygde

seg nye hus burt i Smienghaugen, der den gamle smidja før hadde stått. Koppen og Fredrikke hadde 2 born; Egil, fødd 1887, død 4 år gammal. Kamilla, fødd 1896. Båe borna var fødde i Låna. Kamilla vart gift i 1918 med Rasmus Paulsen Sandvik. Rasmus hadde gått endel skular, byrja 1913-14 med hermetikffabrikk i frikyrkja hjå Ansgar Fiskaa. Men det meste gjekk burt i skit og larv, og hermetikken rotna opp i boksene så han måtte slutte. Seinare i verdenskriegen 1914-18 var han tysk agent og dreiv handel på tysk olje og kjøpte sild til tyskerane i massevis. Denne silda var lagra på marka til Petter S. Toftesund, og han sagdest få so mykje for lagringa at han kjøpte garden sin. Rasmus Sandvik var rekna for å vere den rikaste gut i Sande då han gifte seg. Kamilla var og den rikaste gjenta i Sande, so dette ekteskapet lova godt. Fyrst han var gift tok han Bauteplassen som dei og åtte, inn under bruket, men i 1919 selde han garden til Gerhard og Alfred Bringsvor, og tok seg frå eit stykke på 2 mål til hage. Sandvik hadde både posten og telefonen. Sandvik hadde mange slags forretningar, både heime og i byen, men alt gjekk like skeift. Han døde brått, av ~~Granne sykdom, som tok raskt slutt~~ av det fekk han lungebetendelse. Han døde på sjukehuset i Aalesund.

Rasmus Sandvik og Kamilla hadde berre eit barn, sonen Peder Koppen Sandvik, fødd i 1919. Han var student, og vart i 1942 immatrikulert ved universitetet. Kamilla budde i huset til far sin i mange år òleine, og styrde posten og telefonen. Tante hennar, Sofie Olsen, budde i den gamle stova i Bauten all sin dag.

Gerhard og Alfred Bringsvor delte seg imillom bruket dei kjøpte av Koppen. Gerhard fekk det meste av Bauteplassen og utover langs Leina-bytet. Han kalla sitt bruk Haugland, og budde i Leina som er skreve om før. Alfred brukte resten (Sandshamn br.nr. 12) og bygde ny stove her. Han vart gift med Johanne Samuelsdotter Eltvik frå Stad. Born: Jon og Steinar.

Ditlef Olsen kom seg inn i utskiftinga i Sandshamn. Han hadde sete på mora si baksel og bygt om husa i Leina. No tok han på seg niandeparten av Sandshamn, som vart rekna for omtrent halve Leina, og so eindel tufter i Sandshamn. Han tok på seg sin bestefars hus, Låna. Der moderniserte og vølte han om, grov ut kjellaren og støypte, so det hundradårgamle huset vart godt og tidhøvelegt. Han hadde i mange år dreve handel i fremste enden av Naustet, ^{og} hatt ekspedisjonen av dampene. Då utskiftinga var over bygde han ny butikk der den gamle flagghagen hadde vøre, og flaggstanga til Olai Olsen stod. Han bygde og ny sjøbud og kai på Budaneset. So bygde han og om Skeivebuda som han kjøpte av Severin

Stole. Han reiv ned denne buda av ei muren var dårleg og seig unda. Seinare vart denne buda kalla Røvdhorn av at ho liknar fjellet med dette namn. Hausten 1919 flytte Ditlef Olsen til Låna, der han budde sidan, men han brukte Leina austre som gardsbruk. Ditlef var gift i 1892 med Petra Pettersdotter Kirkesande. Far til Petra kom burt på sjoen då borna var små, og mora døde straks etter. Ditlef og Petra sine born var desse: 1. Njål, fødd 1893, gift med Jenny Severinsdotter Stole. 2. Halfdan, lærar på Hønefoss, gift med ~~Carin~~ lærar Bendekke, dotter til ein doktor. Halfdan tok sidan namnet til kona og heiter Halfdan Bendekke. 3. Ingrid, fødd 1897, gift med Hans J. Helland. 4. Solveig, fødd 1900, driv forretning i Oslo. 5. Gunvor, driv forretning ilag med systera. 6. Odd, gift med Hildur frå Bergen, ^{seinare tbc-}spesialist i Bergen, ^{og} doktor i Trøndelag. 7. Tryggve, sakfører, gift, bur i Oslo. 8. Eivind, tannlækjar på Lillestrøm. 9. Dagny, statstilsett, g. Johann. Har 2 barn. Bur i Oslo.

Då utskiftinga var over flytte Ansgar Fiskaa til Sandshamn. Han hadde før handla i fleire år i Toftesund. No kjøpte han Abraham Sande sine hus, Naustet og Vaskersteinbuda, bygde ~~her~~ butikkk i Naustet, vølte og forandra, bygde den nye buda med flatt tak, og bygde kai med anløp for Volda-båtane og "Nordfjord". Seinare då Møre Fylke tok på seg alle båtane, fekk Ditlef Olsen ekspedisjonen til Møre Fylke ved si kai. Ansgar Fiskaa var gift med Pina Lunzhaug frå Vanylven. Leira born var: Toralf, Asbjørn og Ruth. Ansgar Fiskaa selde i 1916 denne eigedomen til Otterlei & Longva, og flytte til Aalesund. Her dreiv han ymse forretningar, so flytte han til Oslo. Der gjekk han dunderande falitt, kom til Sandshamn att og dreiv litt fiskeforretning i Toftesund. Men dette gjekk og dårleg. Han reiste då til Fiskaa og bygde seg hus, og tok heim til seg der den nokohelseveike ~~ke~~ kona si. Ansgar Fiskaa var ein flink forretningsmann, sympatisk og kjekk, og hadde mange vener. Han ga det fagre orgalet til Sandskyrkja, som kosta snart ei 30.000 kroner. Dette vil stå til minne om Fiskaa si stordomstid i Sandshamn. Otterlei & Longva byrja med butikkkhandel og med handel med fisk og sild. Ole Otterlei var bror til Stortingsmann Knudt Otterlei på Fjærtøft. Han vart gift med Anna Petersdotter Longva, ei brordotter av kompanjongen. Ole og Anna Otterlei har 2 born, Sigrid og Oddvar, ^{Sigrid er fysioterapeut, Oddvar er lege.} Andreas Longva, ein eldre ungar, arbeidde i forretninga til sin død.

Andreas Jakobsen Stromsnes kjøpte ei stovetuft bortanfor Fiskarheimen. Andreas er gift med Gina Sivertsdotter Myklebust (Resek). Han bygde der oppatt ei stove han kjøpte i Herøy. Deira born er: Sverre, Øyvind, Andor og Jon.

Johan Pedersen Rusten kjøpte ei stovetuft av morbror sin, Gerhard Bringsvor, og bygde stove vei vegen til Leina. Johan var gift med Aslaug Knutsdotter Breivik, født på Vidsaa. Johan og Aslaug fekk berre eit barn, Varit. Johan kom burt under hummerfiske i Skorpa. Saman med Johan budde Aslaug si tante og onkel, Ole Kriken frå Vanylven, gift med Anna Hansdotter Muren frå Gjerdsvik.

Pål Samuelson Eltvik, gift med Marta Fungevåg, frå Stad, budde fyrst nokre år hjå Alfred Bringsvor då kona til Alfred var syster til Pål. Marta døde her av taring. Teira born var: Sverre, Peder, Edmund og Klara. Peder kom burt på sjøen ilag med Johan Rusten, og Klara døde av nyresjukdom 13 år gamall. Pål bygde seg sidan nytt hus i Vika i Pantane.

På Nøresande i kokkhuset budde ei familie frå Våge. Det var Ole Johannessen Våge, gift med Synneve Vågstrand. Dei hadde butt nokre år i Våge på hans farsgard, der og borna var født. Sidan gjekk dei frå garden i Våge, og Ola var fleire år og bolkar sindssvak. So budde dei nokre år i kokkhuset. Sidan kjøpte sonen Severin som var strikkar stove på ei tuft der stova til Jon Nøresande hadde stode. Stova til Jon kjøpte Gjøtta-Martin. Ho står på Gjøtten på Skare endå. Stova som Severin Våge bygde var kårstova til Oline Støyle. Her budde då Ola og Synneve til dei vart so gamle at dei laut flytte til sonen ute i Myrane. Borna deira: Isak, landhandlar i Gursken (Hauge) gift med Elisa Knutsdotter Grønvold, sidan med Marta Johansdotter Sætre. Han kjøpte garden til Rasmus Saure og budde der: 2. Severin, var strikkar, døde som ung gut heime. 3. Henna, gift med Petter Olsen Hauge. 4. Olaf, gift med Oluffa Nygaard (Myrane) og budde der. 5. Fredrik, gift i Sykkylven med Emelie Erstad. 6. Sara, gift med ein frå Haugesunds-kanten. Ole Kriken leigle stova deira og då brann ho ned sumaren 1921. Dei andre gamle stovene på Nøresande vart vekkrevne etter kvart som dei vart ledige. Stova til Ole Nøresande brukte gamle Franz Olsen til sin død, der dottra Varen stelte for han. Etter hans død vart stova flytt til Leina, og sett inn i Leinabrakka.

Eit anna gardsbruk som høyrde Sandshamn til var Myrane. Det var innlagt av Sandshamn utmark, og den fyrste som budde der var Rasmus, fødd på Kirkesande. Han var av husmannsfolk som budde i Kirkevika. Rasmus var gift med Rannei Halle. Denne Rannei hadde før ho var gift ein son med Knut Sætrevik. Denne heitte Abraham og budde seinare i Sætrevik. Rasmus og Rannei hadde berre dottra Berte, gift med Kvie-Danel på Kvamsøya.

Birte hadde dotra Karen, vistnok uekte fødd. Karen hadde dotra Ragna med ein gift mann, som avla eid at han ikkje åtte henne. Karen reiste til Trondheim og vart gift der. Ragna vart oppfostra hjå Per Ristesund. Ho reiste til Oslo og vart gift der, vart enkje utan formue, reiste sidan til Amerika. Då Rannei vart åleine hadde tungsinn og livsleide teke henne, og ein dag Nikolai Nilsen Holstød hadde gått dit ned, fann han Rannei hangande død innfor dora. Ho vart gravlagd ovanfor kyrkja for seg sjølv, for dei som drap seg sjølv skulde gravast for seg sjølv, og grava skulde trampast flat so ho ikkje skulde syne. Rannei var vistnok den siste sjølvmdardar som vart gravlagd på slik måte. Sidan vart slike gravlagd ilag med andre.

So kom ein Romsdaling, Eirik Olsen Hatlen frå Isjforden til Myrane. Han arbeidde i Sandshamn og der vart han kjend med Johanne Larsdotter Kvamme, og gift med henne. Dei kjøpte Nygård (Myrane) av Olaf Olsen. Eirik var ein flink mann til å arbeide med jord og stein. Han for fundt og arbeidde for folk. Johanne var ei sterk og driftig kvinne. Ho for på arbeid på busene og alle stader, løna var ikkje stor, men med arbeid og sparsam vart dei velhaldne folk. Johanne hadde før ho var gift ei dotter som heitte Elise. Ho budde i Myrane og døde av slag der. Eirik og Johanne hadde berre dotra Oluffa, fødd 1880, og gift med Olaf Olsen Vaage, oppalen på Nøresande. Då utmarka vart utskift, fekk dei all utmarka si nedanfor garden. Den la dei inn og braut opp til åker og eng alt saman. Olaf og Oluffa har 3 born. 1. Severin (har garden) 2. Erling (i Amerika). 3. Ruth (gift i Sydén). Severin er gift med Petra Isaksdøtter Vaage. Dei og har 3 born: Ragna, Johanne og Isak. Frå gamalt har presten i Sande hatt godtgjersle for å fare ut i fiskevær og halde bibellesing og møte for fiskarane. I dei store sildefiskeria var presten til Haugsholmen og. Då det ikkje var høvelege lokaler på Sandshamn, so heldt presten møta sine i Storebarakka. Då ho vart riva, vart møta haldne på Naustloftet. Det var ofte svært forstyrrende dette for han som skulde tale. Fiskarane var nyst attkomne frå sjøen, og skulde ha kveldsmat. Difor hende det ofte at kokkene stampa graut medan presten tala. Dette virka forstyrrende på motelyden. Av denne grunn vart det slutt med å halde møta på Naustloftet. Dei fekk då leige kjellaren til Severin Støle, og der vart møta haldne i to år. Men her var lågt under loftet, og so var murane kalde og triste. Då presten Ivar Aarset var prest i Sande, fann han dette husrom svært ulagleg til møta. Han var ein handlingens mann, og hadde han sett seg noko i hovudet, so gav han ikkje tapt. Han hadde fått visst om at Fiskarheimen på Flåvar drogst med skuld og skulde seljast. Dette huset hadde fyrst vore bygt på Folkestad i Volda.

Nokre som hadde kome med i Klausianer-rørsla som gjekk i Volda og Ersta, hadde bygt huset. Når då denne rørsla minka av, og tidene vart dårlege, vart huset selt til Flåver til fiskarheim, kring hundradårsskiftet då dei store fiskeria av sild gjekk for seg her. Det var isar Petter Skorpen frå Torvholm som stod inne for huset. Presten Aarset reiste og kjøpte huset med ein gong. Han fekk kyrkjesongar Dyrkorn og P. J. Koppen ilag med seg og garanterte for kjøpesummen. Koppen gav gratis tuft. Folk reiste nord og reiv huset. Johan Lillebo var bygnings sjef, båtar kom frå Kvamsøy og Sandsøy og henta materialen og førde han til Sandshamn. Her gjekk dei då igang med å sette huset oppatt. Mykje gratisarbeid vart gjort. Skulda på huset vart betalt på få år. So byrja dei å samle pengar til utviding av huset, men pengane gjekk tapt i Aalesunds Kreditbank (kring 3000 kroner). So vart det samla pengar på nytt. Dei fekk inn kring 1000 kroner, og hausten 1937 vart huset utvida med tilbygt kjøken. Huset er endå i minste laget, og stend vel fram for ei ny utviding. Her har vore halde ei stor mengd møter i dette huset, og det har vore til stor signing for staden. Det er no heilt gjeldfritt, med orgel og inventar.

Foreningslivet har blomstra her på øya.

Den fyrste forening var "Gamleforeninga for misjonen" som no nærmar seg 80 år. Det var Karen Kirkesande, Mathilde Sande og Sjertrud Bringsvor med mange fleire som byrja. Sidan har det vorte ei forening til av dette slaget. So er her to foreningar for Den Ytre Sjømannsmisjon. Den på nordsida er 55 år, den på sørsida snart 40 år. Elles er her foreningar for kinamisjonen og finnemisjonen m. m. I 1894 vart losje "Idrett" skipa. Det var isar familia Olsen som gjekk i brodden for dette arbeidet. Det kom av det, sa dei, at familia hadde lide under drikkens herjingar den tid deira forfedre handla og selde drykk som rusa. Attåt dette har det synt seg at etter som har dreve med denne uhyggslege handelen etter få generasjonar har gått til grunne. Den fyrste G.F. var Bitlef Olsen og L.F. var P. J. Koppen. Men merkeleg nok, no når losjen går i sitt femtiande år, er nesten ingen av Olsen-familia med lenger. Sandsøy Ungdomslag nærmar seg og 50 år, etter mykje godt arbeid. Dei har sitt eige hus, "Bollstun", bygd i 1928.

Dette er skreve til tidartroyte i ei seng på Aalesunds Sykehus. Kan denne soga tene nokon til glede eller gagn i framtida, er tida vel anvendt.

Aalesunds Sykehus den 15. januar 1943.

Gerhard Johannesson Bringsvor.